

Fra: Steinulf Tungesvik
Sendt: 31. oktober 2017 12:39
Til: Beate Bergsholm
Emne: SV: Kandidat til styret i Helse Vest

Hei igjen.

Eg takkar for førespurnaden og stiller som kandidat som styremedlem i Helse Vest RHF. Sidan førespurnaden kom på kort varsel og svar med cv må sendast dykk i dag, følgjer det i kortform her. Ta kontakt igjen dersom de ønskjer meir, eventuelt med underliggjande dokumentasjon.

På nettsidene til min arbeidsgjevar HLT Advokatfirma AS ligg denne standard cv-en, som inneheld mange opplysningar om utdanning og erfaring, men der det ikkje er teke med ein del opplysningar som kan ha relevans for vurderinga av meg som styremedlem i Helse Vest RHF.

<http://hltlaw.no/no/steinulf-tungesvik-2/>

Ytterlegare relevante cv-opplysningar følgjer her:

Spesielt om erfaring frå helse- og sosialsektoren:

- Tungesvik var politisk rådgjevar (1997-1999) og statssekretær (1999-2000) for sosialminister Magnhild Meltveit Kleppa i Sosial- og helsedepartementet
- Tungesvik er 2015-2019 medlem i Kommunalt råd for funksjonshemmede i Bergen kommune, og i same periode 2. vara til Bergen bystyre
- Tungesvik har som advokat i Kluge Advokatfirma hatt mange prosedyreoppdrag i trygderettssaker etter avtale med Regjeringsadvokaten, i perioden 2003-2005

Spesielt om erfaring frå styrearbeid:

- Noverande verv er som nestleiar i styret for Det Norske Teatret AS, styremedlem i Bergen Vann KF og styremedlem i HLT Advokatfirma AS (<https://www.proff.no/rolle/steinulf-tungesvik/bergen/431807/>)
- Tidlegare styreverv er som varamedlem til konsernstyret i NSB AS (2011-2014) og styremedlem i Norsk Bane AS (2010-2012)
- Av politiske verv har Tungesvik vore styreleiar i Noregs Mållag (2005), fylkesleiar i Oslo Senterparti (2001-2004) og Hordaland Senterparti (2008-2012), nestleiar i Nei til EU (1996-1999)
- Tungesvik har også hatt ei rekkje verv på lokalt nivå i parti, tverrpolitiske organisasjonar og idrettslag/velforeining samt burettslag og bustadsameige

Opplysningar knytt til habilitetsvurdering:

- Eg kjenner ikkje til forhold som gjer at eg er inhabil i saker i Helse Vest RHF. Eg har som advokat tidlegare hatt oppdrag i byggesaker også for sjukehusbygg, men utan at det er inhabiliserande.
- Eg er vaksen opp i ein heim med mykje kontakt med helsesektoren gjennom at far min var lækjar og psykiater, i mange år med driftsavtale med Helse Vest. Dette er på ingen måte inhabiliserande, men har gitt kjennskap til helsesektoren.

Med venleg helsing

Steinulf Tungesvik

Advokat/Partner



HLT ADVOKATFIRMA AS

Postboks 8 Nygårdstangen, 5838 Bergen

M: +47 918 05 620 **T:** +47 55 31 09 00

E: st@hltlaw.no **W:** www.hltlaw.no

CONFIDENTIALITY NOTICE: This e-mail may contain confidential, privileged information and is intended only for the individual named herein. If you are not the correct addressee you should not disseminate, distribute copy or otherwise make use of this message. Please notify the sender immediately if you have received this e-mail by mistake and delete it from your system.

Fra: Steinulf Tungesvik [mailto:steinulf@gmail.com]

Sendt: 31. oktober 2017 12:56

Til: Beate Bergsholm <beate.bergsholm@hfk.no>; Steinulf Tungesvik <st@hltlaw.no>

Emne: Re: Kandidat til styret i Helse Vest

Hei.

Det var hyggeleg å høyre at eg er foreslått. Sidan fristen allereie var gått ut går eg ut frå at det hastar mykje å senda inn cv, ikkje sant?

Eg vil gjerne høyre meir om hyppigheit på møte og vanleg tidsbruk, og er i utgangspunktet positiv. Send gjerne svar til jobbadressa mi, som eg legg inn i Til-feltet over.

2017-10-31 12:37 GMT+01:00 Beate Bergsholm <beate.bergsholm@hfk.no>:

Hei,

Du er foreslått som kandidat til styret i Helse Vest. Sjå info under. Ta gjerne kontakt om noko er uklart.

Beate

Fra: Beate Bergsholm [mailto:beate.bergsholm@hfk.no]

Sendt: 29. oktober 2017 16:51

Til: Geir Kjell Andersland (geir.kjell.andersland@fylkesnemnda.no)

<geir.kjell.andersland@fylkesnemnda.no>; Kjell Gitton Håland <kjell.gitton@gmail.com>; Mona Røsvik Strømme <mona.rosvik.stromme@gmail.com>

Emne: Kandidat til styret i Helse Vest

Hei,

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune har vedteke å fremje ditt namn blant kandidatar til styret i Helse Vest RHF.

Vi ber om at du så raskt som rå vurderer om du vil og kan stille som kandidat. Særleg minner vi om problemstillingar knytt til habilitet.

Vi ber om tilbakemelding seinast innan 31.oktober kl 12.00 og ber om ein kortfatta CV som oversendast valnemnda i Helse og omsorgsdepartementet. Frist for tilbakemelding frå fylkeskommunen til departementet er 1.november.

All info sendast underteikna.

Vh
Beate Bergsholm
Spesialrådgjevar
Næringsseksjonen

Hordaland fylkeskommune

Mobil 45519349

--

Venleg helsing
Steinulf Tungesvik

steinulf@gmail.com

91 80 56 20

Postadresse: Bellevuebakken 10B, 5019 Bergen